



## Møtebok Fjordvegen Rute 13

### Styremøte 28.04.2023 kl 13.00-14.00 Digitalt møte

**Deltakarar:** Toralv Mikkelsen, Kristoffer Amdal, Marta Sofie Vange, Samson Hamre, Anita Husøy Riskedal, Vibeke Johnsen

**Ikkje tilstades:** Ingvald Torblå, Roald Aga Haug, Gerd Helen Bø  
**Sekretariatet:** Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø, Trude L. Rinaldo

**Sak 18/23 Deltaking/innlegg på høyringskonferanse 2.5. i Rogaland fylkeskommune.**

Gjennomgang og oppdatering av førebudd presentasjon. Drøfting av fokustema. Det er trygge vegar me kjempar for.

Ferdig presentasjon av 2.5. ligg ved møtereferatet.

**Innstilling frå Vestlandsrådet** er også sendt til styret.

Kommentar frå Fylkesordførar i Vestland er at NTP-innspelsdokumentet vart sendt ut utan grundig drøfting i rådet, og at Vestlandsrådet vil ha ei ny drøfting av temaet etter at dei 3 fylkeskommunane har gjort sine vedtak om høyringsuttalar. NTP-innspelsdokumentet vil likevel setja premissane for diskusjonen. Så, uansett bør det sendast inn kommentar til dette.

Aktuelt høyringsmøte for Vestland fylkeskommune: Stord 9.5. Presentasjonen vår blir utvikla vidare til dette møtet.

**Sak 19/23 Arendalsuka 2023**

Toralv Mikkelsen deltek i debatt på vegne av Fjordvegen 17.8. Elles oppmodar ein alle om å ta turen dersom dei har høve til det.

**Sak 20/23 Møteplan 2023**

Føreslår fysisk møte på Hotel Ullensvang med varamedlemmer. Dato endra til måndag 05.06.23

I det møtet vil ein laga ein møteplan for hausten 2023.

**Sak 21/23 Innmeldte saker/Ymse**

Ingen innmeldte saker.

Kinsarvik 28.04.2023

Jostein Eitrheim  
referent